

Arnljot Jordal  
Kvamsvågen 2  
5911 Alversund

Kvamsvåg 31.08.13

## **Til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.**

### **MERKNADER TIL «OMRÅDEPLAN -TUNNEL PÅ FYLKESVEG 57, KNARVIK – ISDALSTØ».**

#### **PLANPROSSESSEN**

##### **Medverknad**

Ved ein så stor og omfattande plan som denne, ser me det som særskilt viktig at punktet om ein open og inkluderande medverknad i planprosessen vert godt ivaretatt.

Forhasta og därleg utgreidde vedtak kan falla svært uheldig ut for heile prosjektet, både i høve til endelige totalløysing og kostnader. På sikt og på mange måtar kan det ofte svara seg ved slike prosjekter å gje høve til enno større grad av medverknad enn det lova legg opp til.

Som grunneigar av eit kombinert bustads- og næringsbygg i Lyngvegen ,vart me først informert om konkrete planar for vegprosjektet i Knarvik og komande uheldige konsekvensar for eigedomene vår pr.telefon, og seinare på informasjonsmøtet for oss og fire andre grunneigarar i Lyngvegen, 01.11.2012. På møtet vart me vist nokre ulike utgreidde alternativ og kva alternativ prosjektgruppa hadde valgt av dessse. Mange av oss grunneigarar reagerte sterkt og vart sjokkert over å få vita, at det var planar om å fjerna fleire av desse eigedomane ved gjennomføringa av byggjesteg 2, -usikkert kortid, men minst 20 år fram i tida-,vart det sagt. Me vart lova god oppfølging framover og tidleg informasjon om eventuelle nye moment som måtte koma i høve til arbeidet med vegplanen.

Dette har ikkje vorte følgt opp slik det var lova. På eigen henvending og etterspurnad har me seinare fått ut noko informasjon.

Underskrivne engasjerte seg etter dette møtet og utarbeidde eit eige forslag til planen. Dette vart oppteikna, vurdert og teke inn i planforslaget i tida november -12 til januar -13, som alternativ G, av prosjektgruppa. I januar vart det vedtatt lagt bort utan at viktige faktorar, som til dømes kapasitetsbereking og ulike påståtte manglar, vart utgreidde, og utan at ankepunktene vart drøfta med forslagsstiller. (Viser til innsendt brev datert 12.03.2013). Det vart heller ikkje gjeve informasjon om at det i januar vart vald ein ny brutype med 4 felt, noko me kunne lesa om i avisene ein månad seinare.

Alternativ G kunne lett omarbeidast i samsvar med dei nye prioriteringane og verta eit godt alternativ for vegloysinga, om prosjektgruppa hadde bede om det og gjeve uttrykk for eit vidare ønske om samarbeid.

Me fekk vidare ingen førehandsvarsel, som det var lova oss, om at eit nytt alternativ (alt C) i januar 2013 vart utarbeidd og vald ut som endelig løysing, før me las om det i avisene, og fekk det først tilsendt når planprogrammet vart lagt ut i midten av juni 2013.

Det nye alternativ C inneheldt mellom anna ny firefelts bru,- der gammal bru vert radert vekk, nye plasseringar og løysingar av kryss/vegar på E 39 X Fv 57 og med eit mykje større negativt inngrep mot eigedomene vår, mellom anna ved ei ekstrem høg skjæring på rundt 14 meter mot Lyngvegen.

Vald alternativ har dessutan fleire negative og manglande trafikkale løysingar, og vert estetisk sett svært skjemmande med svært høge murar (opptil 16 meter) ved innløpet til begge tunellane.

Dette nye alternativet rammar oss enno meir uheldig enn det alternativet,som først var tilrådd i november. Og me har eigentleg vore utestengt for all medverknad i høve til alternativ C , noko me vil kritisera på det sterkeste.

Slik me ser det, så ber denne prosessen preg av därleg planleggjering og stort tidspress, då prosjektgruppa har hoppa over ein del vesentlege trinn i prosessen og har fatta fleire vedtak på feil og ufullstendig grunnlag og på udemokratisk vis, utan at me og andre har hatt reelle høve til medverknad.

## **PLANSTATUS OG OVERORDNA FØRINGAR/ AVGRENSING AV PLANOMRÅDET**

I gjeldande Kommuneplan for Knarvik- Alversund, 2007-2019, ligg vår eigedom i Lyngvegen 15 i eit område avsett for bustader og forretning. Slik me ser det er denne planen framleis juridisk bindande i høve til arealbruk, og det føreligg enno ikkje andre godkjent planar som gjeld framfor denne.

Eigedomane i Lyngvegen bør bevarast, som eit av dei eldste bustadområda i Knarvik.

Ei rasering av desse og gjennomføring av den foreslalte vegløysinga vil verta svært skjemmande i området. Me kan ikkje godta at dette arealet vert omgjort til vegareal i nye planar.

Om planane likevel vert endra og området vert sett av til vegareal mot vår vilje, kan me såleis og på noverande tidspunkt ikkje sjå at det finst grunnlag for rivingsvarsle for eigedomane i Lyngvegen, då desse ikkje kjem i konflikt eller berøring med byggjesteg 1 i komande områdeplan og utbyggjinga av Fv 57 i det heile, og det ikkje er naudsynt å riva husa på fleire tiår, om dette alternativet i det heile vert politisk vedtatt gjeldande for byggjesteg 2.

Me set fram krav om at rivingsmerket vert tatt bort i områdeplanen.

Me vil difor på det sterke protestera mot at vårt hus er foreslått rive i denne områdeplanen.

## **ALTERNATIVSVURDERINGAR**

### **Vegløsing skissert i arealplanen.**

I gjeldande arealplan, Kommunedelplanen 2007 – 2019, er det skissert opp ei mogleg løysing for vegområdet i Knarvik med tunnellar på Fv 57 mot Isdalstø og E 39 mot Gjervik. Me kan ikkje sjå at dette alternativet er vurdert i høve til pågående planarbeid. Om dette ikkje alt er gjort, så bør ein sjå nærmare på dette alternativet, då det ser ut til å vera eit godt utgangspunkt for eit betre vegløysing enn den som no er foreslått i det nye framlegget til områdeplan, og særleg for å sikra naudsynt areal for seinare utviding av trafikkareal for E39.

Dei ulike alternativa som er utarbeidd er vurdert i høve til :

tunneltryggleik/beredskap, arealbruk, utforming /estetikk, kostnader, kollektivtrafikk.

Me saknar illustrasjonar / 3 D-fotomontasjar, som viser korleis det ferdige veganlegget vil sjå ut frå ulike vinklar i Knarvik ut for nokre av dei ulike alternativa. I det minste for tilrådde alternativ C.

### **Alternativ G**

Her vil underteikna stilla spørsmål om på kva grunnlag vurderinga av dette alternativet er gjort, då sær vesentlege føresetnader for alternativet var falle bort (t.d. noværande bru oa.) då dette vart gjennomgått og val av nyt prioritert alternativ samstundes fann stad i møtet 21.01.13.

## **ALTERNATIV C**

### **Estetisk utforming/utsjånad**

Me vil sterkt rá til at det best mogleg vert fokusert på den estetiske utforminga av vegområdet som i det framlagte alternativet har fått mange uheldige sider. Det synest som om grøfter og havarinisjer er uteletne i forskjæringer og må få større plass i dei altfor trange skjæringerane, som i tillegg vil ha murar med høgde på opp til 16 meter, tett inn på køyrebanene. Tilførslevegen til Fv 57 under E39 vil og opplevast som ei sær djup grøft, som vert liggande ca 8 meter under dagens nivå og fram til tunnelmunninga ved dagens barneskule, der murane og vil verte opp mot 16 meter.

I denne portalen til Lindås Kommune og heile Nordhordland, må ein sikra at det absolutt beste utsjåande og mest framsynte alternativet for vegprosjektet vert vald.

Det er betenkjeleg å lesa følgjande kommentar i planmaterialet:

«med den rette utforminga kan området SI ta luven frå veganlegget og tilføre atkomsten til Knarvik positive element». Eit slike utsagn kan tyda på at vegplanane ikkje er så optimale.

### **Kryss og avkøvringer . Koplinga frå aust på ny E39 til ny fv 57 til Isdalstø manglar.**

Manglande avramping av Fv 57 frå E 39 mot Bergen. Dette er ein vesentleg mangel med alternativ C, som i tillegg til uheldig estetisk utforming i landskapet i altfor liten grad tar omsyn til eksisterande miljø. Alternativ C har ikkje fått stor nok negativ vekting i alternativsvurderinga trass i fleire minussider.

### **Ny Hagelsund bru**

Det er på noværande tidspunkt svært vanskeleg å planleggja byggjesteg 2 i prosjektet med rett utforming for høgder oa. utan å vita detaljar for plassering og utforming av ei ny bru.

Ei betre tilpassa rundkøyring til den nye situasjonen etter at tunnelane på Fv 57 vert bygd vil dette alternativet ha innebygd kvalitetar, som vil kunna sameinast med ny brei høgbru over Hagelsundet og ein framtidsretta totalløysing for dei ulike krava til framføring av dei ulike trafikkantane.

### **Eksisterande bustadområde nord / N/B- kombinert nærings og bustadområde**

Det er elles med undring ein ser at alle andre områder i Knarvik, vert meir veklagt og betre tatt i vare enn det som er presentert i løysinga for eideomane i Lyngvegen.

Me krev at området N/B vert redusert til fordel for veganlegget og byggjesteg 2, og bevaring av alle husa i Lyngvegen.

### **Byggetrinn 1**

Vi kan langt på veg godta byggjetrinn 1 som første byggjesteg og grunnlag for gjeldande reguleringsplan, dersom utbygginga tar omsyn til innsendte merknader om støy og lokaltrafikk over tomta.

### **Støy**

Då vårt bygg ligg i eit område med krav til støyreduserande tiltak lokalt ved bustadar, krev me å koma med på lista med eideomar som har rett på støyskjerming i byggjesteg 1. Viser til tidlegare innsendte krav om dette.

### **ROS - risiko og sårbarheit**

Det er utarbeidd tilsynelatande grundige vurderingar iht.dette punktet.

Det undrar oss at belastande faktorar for personar som mister bustadane sine ikkje er utgreidd i høve til vurdering av sårbarhet, når ein skriv om andre miljøfaktorar som sårbarhet i høve til t.d. plantar, fornminne oa. i området.

I tillegg til desse merknadane viser me til tidlegare innsendte merknader og brev i saka.

Helsing

Gro Hjellvik Jordal og Arnljot Jordal

(Ref.nr. innsendt merknad: BDKGFP)